

Arkiv: <arkivID><jplID>
GBNR-322/266, FA-
L42

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 18.08.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
109/23	Utval for areal, plan og miljø	30.08.2023

**Klage på løyve til oppføring av skilt - gbnr 322/266 Mjåtveit
KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen frå klager i sak 22/4814, datert 16.02.2023, vert teke delvis teke til følgje.

Vedtaket av 24.06.2022 med saknr. 714/22 vert oppretthalden med følgjande presisering i pkt. 5 om skilt A og F sitt lysnivå i tråd med opplysningar gjeve i søknaden av 13.06.2022:

Det vert gjeve løyve til oppføring av fasadeskilt/frittstående skilt i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.06.2022 og teikningar datert 03.06.2022, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse vert godkjend slik det går fram av søknaden.
3. Løyvet gjeld inntil vidare, jf. pbl. §30-3.
4. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.
5. Lysnivået til skilt A og F, som ikkje vil overstige det generelle lysnivået i omgjevnadene slik at naboar i liten grad vil bli berørt av tiltaket, skal således dimmast/reduserast innan 01.11.2023.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

Utval for areal, plan og miljø 30.08.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 109/23 Vedtak:

Klagen frå klager i sak 22/4814, datert 16.02.2023, vert teke delvis teke til følgje.

Vedtaket av 24.06.2022 med saknr. 714/22 vert oppretthalden med følgjande presisering i pkt. 5 om skilt A og F sitt lysnivå i tråd med opplysningar gjeve i søknaden av 13.06.2022:

Det vert gjeve løyve til oppføring av fasadeskilt/frittstående skilt i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.06.2022 og teikningar datert 03.06.2022, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse vert godkjend slik det går fram av søknaden.
3. Løyvet gjeld inntil vidare, jf. pbl. §30-3.
4. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.
5. Lysnivået til skilt A og F, som ikkje vil overstige det generelle lysnivået i omgjevnadene slik at naboar i liten grad vil bli berørt av tiltaket, skal således dimmast/reduserast innan 01.11.2023.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

Saksopplysningar

Administrativt saknr. 714/22

Tiltak: Fasadeskilt/frittstående skilt

Søknadstype: Søknad om tiltak

Eigedom: gbnr 322/266 Mjåtveit

Adresse: Rosslandsvegen 368, 5918 Frekhaug

Tiltakshavar: Frekhaug Byggsenter AS – XL bygg Frekhaug

Ansvarleg søkjar: Elektrovakuum AS

Eigar: MG Næring Frekhaug AS sidan 22.02.2019

Klagar: Nabo – Geir Handeland – gbnr 321/19

Synfaring: Byggesak var på synfaring den 31.03.2023 kl. 21.20

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 22/4814 med saknr. 714/22, datert 24.06.2022, om lysnivå på skilt A og F. Skilta er knytt til forretningsbygg på gbnr 322/266. Tiltaket omfattar i 9 fasadeskilt med namn/logo og opningstider samt orienteringsskilt, medan eitt skilt er frittstående. All skilting skal skje på eigen grunn. Det er 4 stk. logoskilt og 2 stk. skilt med opningstider som har frittstående bokstavar innvendig belyst med LED.

Orienteringsskilt er i aluminium utan belysning.


Alle skilt har dimmarar for regulering av lysstyrke. I søknaden, datert 13.06.2022 er det opplyst følgjande:

«Samtlige lysskilt leveres med dimmer for mulighet for demping av lys»

Klagen gjeld skilt A og F, jf. situasjonsplanen I søknaden er det opplyst følgjande:

«Skilt A og F: 2 stk logoskilt XL Bygg. Frittstående bokstaver innvendig belyst med LED.

Lystett sarg. Lyser kun i front i fargen beige.»



Skilt G som er plassert under skilt F gjeld opningstider. I søknaden er det opplyst følgjande:

«Skilt E og G: 2 stk åpningstider: Frittstående bokstaver innvendig belyst med LED.

Lystett sarg. Lyser kun i hvit front.»

Vidare følgjer det av søknaden om storleik, utforming, farge og lysnivå samt påverknad for omgjevnadene:

«Vi anser skiltene å ha moderat størrelse, utforming og farge. Lysnivået vil ikke overstige det generelle lysnivået i omgivelsene. Vi anser at naboer i liten grad vil bli berørt av tiltaket og søker om fritak for nabovarsel. Da skiltene har dimmer og dermed mulighet for demping av lys, ser vi det ikke som nødvendig å ha uttalelse fra veimyndighet. Dessuten er veimyndighetens praksis etter vår erfaring at logo og åpnings der (såkalt "egenreklame") ikke krever uttalelse.»

Vedtaket av 24.06.2022 har følgjande ordlyd:

«Det vert gjeve løyve til oppføring av fasadeskilt/frittstående skilt i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.06.2022 og teikningar datert 03.06.2022, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse vert godkjend slik det går fram av søknaden.
3. Løyvet gjeld inntil vidare, jf. pbl. §30-3.
4. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.»

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

Dialog mellom klagar og tiltakshavar

Klagar ønskjer dimming av skilt mot nord (skilt A) og delvis vest (skilt F) med 20 % frå dagens nivå då lysnivået er til sjenanse og medfører lysforureining for han som nabo til forretningsbygget.

Det har vore dialog mellom partane om dimming av skilta. Klagen, var på grunnlag av fortløpande dialog mellom partane, utsatt av kommunedirektøren frå juni møtet.

Den siste tilbakemeldinga frå tiltakshavar er at dimmar skal monterast i skilt A som vil redusere lyskjelda. Gjennomføringstidspunkt vil vere ila. hausten. Det er ikkje einigheit om gjennomføringstidspunktet, ei heller kor mykje lysnivået skal dimmast/reduserast. Skilt F har ikkje tiltakshavar gjeve tilbakemelding om.

Avvik er tilsynssak

Avvik vil være en tilsyn sak. Det er sendt melding til e-post Miljø og Tilsyn den 10.08.23 om nabo sin merknad om kraftig lysskilt, lysforureining og visuell sjenanse frå skilt på gbnr 322/266.

Miljøretta helsevern, i relasjon til lysforureining, kan vere aktuell i saka. Dei er på noverande tidspunkt ikkje kontakta. Dersom klagesaka ikkje finn si løysing mellom partane, kan tilsynsavdelinga evt. følge opp meldinga av 10.08.23 saman med Miljøretta helsevern.

Klage

Kommunen har mottatt klage frå nabo over vedtaket av 24.06.2022.

Klagerett og klagefrist

Klagerett

Etter fvl. § 28 første ledd er det ein part eller annan med rettsleg klageinteresse som har klagerett. Part er ein som vedtaket rettar seg mot eller direkte gjeld, jf. fvl. § 2 første ledd bokstav e.

Klagar er ikkje å vurdera som part i saka. Avgjerda er ikkje retta direkte mot han. Klagar er heller ikkje nabo, men hevdar at den etablerte skiltinga av bygget mot nord og delvis vest medfører ulemper for han.

XL-bygg sitt forretningsbygg ligg innanfor regulert område og er etablert i samsvar med føremålet. Klagar bur i ein avstand på ca. 570 meter (avvik frå det klagar opplyser) frå XL-bygg sitt forretningsbygg. Han er ikkje direkte nabo til industriområdet, men ligg høgt i terrenget og har utsyn søraustover mot industriområdet.

Klagar viser til sjenerande reklamelys på XL-Bygg sitt forretningsbygg på gbnr 322/266 på Mjåtveit industriområde. Klagen gjeld reklameskilt mot nord og delvis vest. Klagar skriv at skilta er store og har uvanleg kraftig lysstyrke.

Klagar opplyser at dei merkar godt lyset frå skiltet mot nord i stova. Skilta er montert langs gesims og ragar derfor over bebyggelsen. I tillegg til direkte innstråling markerer skilta seg godt når dei ser ut vindauga (lysforureining og visuell sjenanse).

Kommunedirektøren legg til grunn at dei etablerte reklameskilta påverkar klagar sin eigedom negativt og gjev klagar så store ulemper at klagar har rettsleg klageinteresse.

Klagar har rettsleg klageinteresse og tilhøyrande klagerett, jf. fvl. §§ 28 første ledd og 2 første ledd bokstav e.

Klagefrist

Det vart i vedtak datert 24.06.2022 gitt løyve til oppføring av reklameskilt på XL-bygg sitt forretningsbygg på gbnr 322/266. Sjølve forretningsbygget vart godkjend oppført i vedtak datert 07.10.2021 i sak 21/4912. Det vart gitt mellombels bruksløyve for forretningsbygget i vedtak datert 13.10.2022. Byggesaka er ikkje avslutta

med ferdigattest. Det var offisiell opning av forretningsbygget 01.11.2022 (dato er basert på avisoppslag).

For ein part eller annan med rettsleg klageinteresse som ikkje har fått underretning om vedtaket, startar klagefristen å gå «fra det tidspunkt han har fått eller burde ha skaffet sig kjennskap til vedtaket.», jf. forvaltningslova (fvl.) § 29 andre ledd første punktum. Endeleg klagefrist for løyvet er 3 månader frå vedtakstidspunktet, jf. fvl. § 29 andre ledd andre punktum.

Klagar sende e-post til kommunen sitt postmottak 20.11.2022 med førespurnad om kommunen har reglar for montering av reklameskilt med lys på næringsbygg i næringspark som grensa til bustad-/LNF-område. Førespurnaden vart send frå postmottak til kommunen sin e-post for generell rettleiing i byggesaker (byggesaks-e-posten) 21.11.2022. E-posten vart besvart 02.12.2022. Heile e-post dialogen går fram av klagen.

Klagar klaga 16.02.2023 på vedtaket. Klagen vart send til byggesaks-e-posten, og vart vidare send derfrå til registrering i kommunen sitt post-/arkivsystem først 15.03.2023.

Byggesaka, som gjeld montering av skilt på bygget, er ikkje ferdigstilt med mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Dersom ein legg til grunn at reklameskilta var sett i drift ved opning av forretningsbygget og at klagar på dette tidspunkt burde ha gjort seg kjend med vedtaket, går det meir enn 3 månadar før han sender inn klagen. Klagen er såleis ikkje rettidig (ikkje mottatt innan rett tid.)

Spørsmålet er om vilkåra for oppreising av oversitta klagefrist, jf. fvl § 31, er til stades slik at klagen likevel takast til behandling.

Det følgjer av fvl § 31 at «selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling

såframt

a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»

Om oppreising etter fvl. §31 skal gis (klagen tas til behandling), så er dette basert på ein konkret heilskapleg vurdering.

Etter forarbeida til fvl. §31, så kan det vere særleg grunn til oppreising dersom det vert klaga på rettsanvendinga av vedtaket. Klagar påberoper seg ikkje feil bruk av plan- og bygningslova eller forskrift med

heimel i plan- og bygningslova og klagar difor ikkje på rettsanvendinga av vedtaket.

Klagar viser til ulempe med dei store skilta og uvanleg kraftig lysstyrke. I tillegg til direkte innstråling markerer skilta seg godt når dei ser ut vindauga (lysforureining og visuell sjenanse).

Overordna kommunedelplan for Meland (KDP Meland) pkt. 1.6.16 opplyser om skilt og reklame:

- Skilt kan lyssetjast, men då på ein slik måte at naboar, trafikantar og fasaden ikkje vert skadelidande. Lyskassar vert berre tillate dersom dei høver inn arkitektonisk og er utforma med lukka front og sider slik at berre tekst eller symbol gjev lys. Gesimsar utforma som lysande kassar vert ikkje tillate.

Det er ikkje klarlagt kva ulempe klagar skal tole i KDP Meland i høve lysnivå (forutan at nabo ikkje skal vere skadelidande), ei heller i reguleringsplanen. Alver kommune har ikkje eigen lysplan.

Vidare er ikkje tolegrense avklart på plannivå eller i eigen kommunal lysplan. Klagar påberoper seg store ulemper med skilt A og F. I tillegg har tiltakshavar vist at dei ønskjer å imøtekomme klagars ønskje om å dimme skilta. Tiltakshavar har da vurdert at skilta sin funksjon vert oppretthalden med dimmet/reduisert lyskjelde.

Kommunedirektøren legg til grunn at det er «særlige grunner» til at klagen vert prøvd.

Vilkåra for oppreising av oversitta klagefrist, jf. fvl § 31, er til stades slik at klagen likevel takast til behandling.

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følge vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følge, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Planstatus

Overordna KDP Meland, pkt. 1.6.16

- Skilt kan lyssetjast, men då på ein slik måte at naboar, trafikantar og fasaden ikkje vert skadelidande. Lyskassar vert berre tillate dersom dei høver inn arkitektonisk og er utforma med lukka front og sider slik at berre tekst eller symbol gjev lys. Gesimsar utforma som lysande kassar vert ikkje tillate.

KDP Meland viser til skilt kan lyssetjast. Nabo ikkje skal vere skadelidande utan å definere kva dette inneberer, ei heller kva tolegrense som skal leggast til grunn.

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for næringsområde Mjåtveit-Dalstø, planid:125620120001, er avsett til næring/forretning/kontor, N/F/K02.

Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plan.

Det går fram av føresegna til reguleringsplanen, § 2.4.1, at «Skilt og reklame på bygg skal plasserast på veggflater, ikkje på møne, takflate eller gesims. Frittliggande visningsskilt kan setjast opp i den grad det er nødvendig, jf pbl § 20-1 om søknadsplikt.» Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med reguleringsplanen.

Reguleringsplanen har ingen føresegner om storleik på skilta eller lysstyrke. Det er heller ikkje sett noko forbod mot lys i reklameskilt.

Alver kommune har ikkje eigen lysplan.

Det ligg ikkje føre direkte retningslinjer om lysnivå på kommunal nivå, verken i KDP Meland reguleringsplan eller i eigen lysplan.

Regjeringa har gjeve ut veileder av 2012, som skal oppdaterast ila. 2023. Veilederen, «Lys på stedet – Utendørsbelysning i byer og tettsteder» pkt. 1.2.4 om lysforureining, sjå [link](#)

Frå veilederen pkt. 1.2.4:

1.2.4 Lysforurensning

I mange norske byer og tettsteder brukes lys helt ukritisk, og kunnskapen om lysforurensning er liten. Det er viktig å utvise forsiktighet ved lysbruk for å unngå uheldige lyseffekter på omgivelsene som både

kan være sjenerende og helseskadelige. Utbygging av kunstgressbaner har for eksempel ført til mye uønsket strølys gjennom stuevinduer. Belysning på byggeplasser er et annet eksempel på belysning som kan være svært sjenerende.

I mange av våre byer og tettsteder er det vanskelig å betrakte stjernehimmelen på grunn av kunstig lys som sendes opp mot himmelen. Denne form for forringelse av livskvalitet for innbyggerne er det viktig at kommunene tar ansvar for å gjøre noe med. Ved planlegging av utendørsbelysning skal det settes krav til minimalt med stråling til himmelrommet som igjen gjør det mulig for oppvoksende generasjoner å se Karlsvogna og Orions belte.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt då tiltaket ikkje krev dispensasjon. Vestland fylkeskommune har fått vedtaket til orientering/klagevurdering.

Nabovarsel


Kommunen la til grunn i løyvet søkjar si grunngeving og vurderte at nabovarsel kunne unnlatast.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.06.2022 og teikningar datert 03.06.2022.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Kart/foto



Kart som viser klagar sin eigedom og XL-bygg sitt forretningsbygg.
Klaga bur i ein avstand på ca. 570 meter (avvik frå ca. 400m slik klaga opplys)



Bilete av dei aktuelle skilta tatt 31.03.2023 kl. 21.20 av Byggesak på synfaring. Farge avvik noko frå originalbiletet.



Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngeve med følgjande:

Klaga viser til sjenerande reklamelys på XL-Bygg sitt forretningsbygg på gbnr 322/266 på Mjåtveit industriområde. Klagen gjeld reklameskilt mot nord og delvis vest. Handeland skriv at skilta er store og har uvanleg kraftig lysstyrke.

Klaga opplys at dei bur i Dalstøvegen 19, ca. 400 meter unna i luftlinje og at dei merkar godt lyset frå skiltet

mot nord i stova. Skilta er montert langs gesims og ragar derfor over bebyggelsen. I tillegg til direkte innstråling markerer skilta seg godt når dei ser ut vindauga (lysforureining og visuell sjenanse). Det vert opplyst at reklameskiltet mot aust og fylkesvegen har ei langt meir diskret og akseptabel belysning.

Klagar ber om at lysstyrken på reklameskilt mot nord og delvis vest vert redusert kraftig, om lag til 20 % av dagens nivå. Dersom lyskjelda ikkje lar seg dimma/reduera, må lysa slåast av.

Klagar har følgjande merknadar:

«1. Info fra skiltleverandør inneholder ikke vesentlige opplysninger om den interne belysningen i skiltene og som er nødvendig for å vurdere påklaget lysstyrke. Kun led 6500 K er oppgitt. Dette gjelder nye skilt (side 11) i planen mrk A og F (og som er påklaget) Led 6500 K (kelvin som angir fargetemperatur) er et blåhvitt og "kaldt" lys, (normalt er led 2700 – 3000 K, noen ganger 4000 K). Lystyrken for 6500 K er vanligvis ca 150 L/W (Lumen/Watt) for denne typen. Det er det doble av hva vi forbinder med led-lys hjemme ca 70 L/W. Her er det brukt i ekstra lyssterk og intensiv led som lyskilde.

2. den totale effekten (W) er ikke oppgitt

3. Den totale lysstyrken (lysflux i lumen) er ikke oppgitt.

4. Teknisk innretning, for eks. mulighet for dimming, er ikke oppgitt.»

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Tilsvaret er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Dimmar skal monterast i skilt A som vil redusere lyskjelda. Gjennomføringstidspunkt vil vere ila. hausten.

Skiltleverandør svarer følgjande på klagars merknadar:

«Først og fremst vil jeg referere til det klageren skriver i pkt. 1 og 3.

Sånne detaljer som Lumen eller Watt-effekten oppgir man ikke på nabovarsler, eller søknader så lenge skilt har lysstyrken på et standard nivå. Og de skiltene hos XL-BYGG har en standard belysning. Man bør ikke sammenligne standard led-lys hjemme med fasadeskilt. På denne måten blåser man opp betydelig verdiene som er standard. Dessuten er det ikke så enkelt å beregne hvor mye lumen det blir i virkeligheten. Slike estimater han sender kan være langt fra den faktiske verdien. Derfor estimerte vi

lysstyrken i candela, ved bruk av hvitt LED-skilt og beige folie som vi bruker på XL-BYGGs fasadeskilt.»

Det vert vist til tilsvaret i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

I søknaden er det opplyst følgjande om storleik, utforming, farge og lysnivå samt påverknad for omgjevnadene som det er gitt løyve til den 24.06.2022:

«Vi anser skiltene å ha moderat størrelse, utforming og farge. Lysnivået vil ikke overstige det generelle lysnivået i omgivelsene. Vi anser at naboer i liten grad vil bli berørt av tiltaket og søker om fritak for nabovarsel. Da skiltene har dimmer og dermed mulighet for demping av lys, ser vi det ikke som nødvendig å ha uttalelse fra veimyndighet. Dessuten er veimyndighetens praksis etter vår erfaring at logo og åpnings der (såkalt "egenreklame") ikke krever uttalelse.»

Vidare viser administrasjonen til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønne gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering. «

Vurdering i klageomgangen

Klagar bur i ein avstand på ca. 570 meter (avvik frå det klagar opplyser) frå XL-bygg sitt forretningsbygg. Han er ikkje direkte nabo til industriområdet, men ligg høgt i terrenget og har utsyn søraustover mot industriområdet.

Klagar viser til sjenerande reklamelys på XL-Bbygg sitt forretningsbygg på gbnr 322/266 på Mjåtveit

industriområde. Klagen gjeld reklameskilt mot nord og delvis vest. Klagar skriv at skilta er store og har uvanleg kraftig lysstyrke.

Klagar opplyser at dei merkar godt lyset frå skiltet mot nord i stova. Skilta er montert langs gesims og ragar derfor over bebyggelsen. I tillegg til direkte innstråling markerer skilta seg godt når dei ser ut vindauga (lysforureining og visuell sjenanse).

Lysnivået på skilt A og F er problemet for klagar i form av lysforureining og visuell sjenanse. På nasjonalt nivå er det dei siste åra satt søkelys på lysforureining frå næringsbygg, sjå til dømes [avisartikkel](#) frå 12.03.2021 frå NRK.

Løyvet legg til grunn at skilta skal plasserast på eit forretningsbygg i regulert industriområde, det er gjeve opplysningar i søknaden om at lysnivået ikkje vil overstiga det generelle lysnivået i omgjevnadane, at samtlige lysskilt er levert med dimmar slik at det er mogleg å dempa lysa, samt at skilta er plassert i samsvar med reguleringsplanen. Lysstyrke er ikkje opplyst eller vurdert særskild.

Verken KDP Meland eller reguleringsplanen har direkte føresegner knytt til lysstyrke i reklameskilt. Alver kommune har ikkje eigen lysplan. Om tiltaket er til sjenanse for omgjevnadane må vurderast opp mot kvalitetskrava i plan- og bygningslova (pbl.), jf. §§ 29-2 om visuelle kvalitetar, 30-3 om skilt og reklameinnretningar samt 29-4 om kvalifiserte nabomerknader.

På bakgrunn av det ovanstående framstilling, så er ikkje lysnivået i strid med kvalitetskrava i plan- og bygningslova (pbl.), jf. §§ 29-2 om visuelle kvalitetar, 30-3 om skilt og reklameinnretningar samt 29-4 om kvalifiserte nabomerknader.

Vidare går ikkje kommunen inn på tekniske diskusjonar/krav i høve lysnivå i relasjon til byggteknisk forskrift (TEK17). Kommunen legg skiltmontør utredning til grunn, jf. pbl. § 21-4 første ledd andre punktum. Dette har også en klar side til ansvarsrettsystemet på plan- og bygningslovens område, se plan- og bygninloven kapittel 23.

Kommunen stiller dog spørsmål til det faktum at det er opplyst i søknaden at alle skilt har dimmarar for regulering av lysstyrke. Det er dette det er gitt løyve til.

Slik kommunen forstår, så er opplysninga om dimbare skilt i søknaden gjeve nettopp av den grunn at skilta skal kunne dimmast ved behov. I siste tilbakemelding frå tiltakshavar vert det imidlertid opplyst at dimmer vil bli montert i skilt A 1. hausten. Dette er eit avvik frå det som er opplyst i søknaden og det som det er gitt løyve til. Avvik frå gjeve løyve vil vere ein del av ei evt. tilsynssak for avdeling Miljø og tilsyn.

Det er kommunen si vurdering at klagar og tiltakshavar er einige om at skilt A kan dimmast. Det er ikkje klarlagt kor mykje dimming som skal gjennomførast, der klagar ber om ca. 20% dimming, ei heller dato for gjennomføring er gitt forutan at dette skal gjennomførast ila. av hausten 2023. Det ligg ikkje føre einigheit for dimming av skilt F.

Då tiltakshavar imøteser klagars krav om dimming for skilt A, så vurderer kommunedirektøren det slik at skiltet kan ha same/tilfredsstillande funksjon for lysskilde med dimmet/reduisert lysstyrke. Det er vanskeleg å vurdere pr. dags dato kor mykje reduksjon som skal til pga. lysforhold om sumaren.

I samsvar med søknaden og gjeve løyve, så vert det det satt krav om gjennomføring av dimming/reduksjon av lysnivå på skilt A og F til vinterhalvåret, 01.11.2023. Kravet retter seg til begge skilta då skilt A og skilt F er likt utforma og har tilsvarande plassering på bygget, det ligg ikkje føre grunnar for at skilt A og F skal ha ulik lysstyrke samt at begge skilta medfører sjenanse og lysforureining for klagar.

På denne bakgrunn skal skilt A og F dimmast, men ikkje med ca. 20% dimming slik klagar ber om. Klagen har delvis ført fram.

Konklusjon

Klagen frå klager i sak 22/4814, datert 16.02.2023, vert teke delvis teke til følgje.

Vedtaket av 24.06.2022 med saknr. 714/22 vert oppretthalden med følgjande presisering i pkt. 5 om skilt A og F sitt lysnivå i tråd med opplysningar gjeve i søknaden av 13.06.2022:

Det vert gjeve løyve til oppføring av fasadeskilt/frittstående skilt i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.06.2022 og teikningar datert 03.06.2022, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse vert godkjend slik det går fram av søknaden.
3. Løyvet gjeld inntil vidare, jf. pbl. §30-3.
4. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.
5. Lysnivået til skilt A og F, som ikkje vil overstige det generelle lysnivået i omgjevnadene slik at naboar i liten grad vil bli berørt av tiltaket, skal således dimmast/reducerast innan 01.11.2023.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
6. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
9. Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjstatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjstatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg i saken:

10.08.2023	Tilsvar til klage på skilt - gbnr 322/266 Mjåtveit	1973217
09.08.2023	Klage reklameskilt - gbnr 322/266 Mjåtveit	1972961
12.05.2023	Merknader til sak - gbnr 322/266 Mjåtveit	1926824
16.03.2023	Klage på vedtak i sak Reklameskilt med lys XL-bygg - gbnr 322/266 Mjåtveit	1897744

24.06.2022	Løyve til oppføring av skilt - gbnr 322/266 Mjåtveit	1760897
13.06.2022	Situasjonsplan	1754558
13.06.2022	Tegning ny fasade_3 - Skiltforslag r4.pdf	1754560
13.06.2022	Søknad om løyve i eitt trinn - gbnr 322/266 Mjåtveit	1754556
13.06.2022	Tegning eksisterende fasade_4 - Dagens situasjon.pdf	1754559
13.06.2022	Fullmakt byggesøknad skilt ElektroVakuum AS.pdf	1754562
13.06.2022	Vedleggsopplysninger.pdf	1754566
19.05.2023	Tilbakemelding på brev av 06.05.2023 vedr klage - gbnr 322/266 Mjåtveit	1929811
16.08.2023	Kopi av e-post - merknader og spørsmål til leverandør - gbnr 322/266 Mjåtveit	1975627